

Årsmelding 2016

Styret

Leiar	Norunn Britt Rygg Seljeset	6763 Hornindal	på val leiar/styremedlem
Nestleiar	Heidi Håheim	6788 Olden	på val nestleiar
	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen	på val
	Salvatore Ligia	6750 Stadlandet	på val
	Gunnar Øen	6763 Hornindal	
	Torhild Kleppe	6783 Stryn	
Avløyssar rep	Hans Petter Hånes	6750 Stadlandet	
Varamedlemmer	1. Magnar Barmen	6750 Stadlandet	på val
	2. Ragnvald Bergset	6795 Blaksæter	på val
	3. Magne Øen	6763 Hornindal	på val
Vara avløyssarrep	Joar Sunde	6788 Olden	
Verneombod	Joar Sunde	6788 Olden	
	Tlf 57 87 71 86	mob 958 18 150	
Revisor	Firda Revisjon & Rådgivning AS		på val
Valnemnd			
	Leiar	Svein Per Ervik	6750 Stadlandet
Vara	Bente Drageset	6793 Innvik	
	Einar Helge Tomasgard	6763 Hornindal	
	Åge Ervik	6750 Stadlandet	
	Gunnar Hjelle	6798 Hjelledalen	
	Oddfrid Bakke	6763 Hornindal	

I 2016 har laget 226 medlemar (2015: 233 medlemar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 175 medlemar inkl 3 næringsdrivande.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 7 426 834. Av dette er kr 3 502 576 lønn til familie avløyssing
- Sjukdomsavløyssing kr 1 113 238
- Andre oppdrag kr 2 039 415
- Landbruksvikar kr 1 029 625

Avløyssing

Vi har i 2016 to avløyssarringar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløyssarring og Randabygda Avløyssarring. I begge er det 6 medlemar. I kvar av ringane er det ein fast tilsett. I Hornindal har vi



samarbeid mellom 3 medlemmar som har ein fast avløyssar, i tillegg er det samarbeid mellom 5 medlemmar som har ein fast avløyssar. Vi har også 1 avløyssar som er fast hjå ein medlem og 1 avløyssar som er fast hjå 2 medlemmar.

Utanom dette, har vi ikkje nokon fast som kan ta avløyssing i sitt nærrområde.

Landbruksvikarordninga

I 2016 var det i Hornindal og Stryn kommunar desse landbruksvikarane; Per Hilde tilsett i 100% fast stilling, Leif Rand tilsett i 50% fast stilling. I tillegg var Ronny Tvinnereim på avtale under landbruksvikarordninga.

I Selje kommune var Hans Petter Hånes på avtale under landbruksvikarordninga fram til han 1. april 2016 vart tilsett som landbruksvikar i 100% fast stilling.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 100% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen Rand har sjukdomssaker og rekneskapet til Vest Lt i samarbeid med DL.

Styremøter

Styret har hatt 5 styremøter i 2016 der mellom anna desse sakene er handsama i tillegg til vanlege styremøtesaker:

- Medlemskontingent
- Justering av eigenandel/betaling frå bonden for bruk av LV på ferie og fritid
- Lokale lønsforhandlingar
- Innføring av Webtemp til bruk i samband med løns- og rekneskapsprogrammet

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på Stryn Hotel 15. mars 2016, med tilsaman 13 personar.

Landbruksvikarkurs – avløyssarkurs - administrasjon

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 9. gong på Hotel Alexandra i Loen. DL Knut Sigurd Gald hadde hovudansvaret for planlegging, gjennomføring og etterarbeid av kurset. Det var 6 deltakarar frå Vest LT. Det var gjennomgåande svært gode tilbakemeldingar i evalueringa av kurset.

Haustsamling Gardermoen

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald. I framkant av haustsamlinga deltok DL på Webtemp-kurs. Tema på haustsamlinga:

- Utdfordringar i avløyssarordningane framover
- Utdfordringar for laga som bemanningsføretak i framtida
- HMS i landbruket
- Forsikring og pensjon
- Media og kommunikasjon
- Administrasjonshandboka
- Ti gode råd til samliv i landbruket
- I tillegg var det eigne samlingar for : «Styreleiarsamling», «Daglegleiarsamling», «samling for tillittsvalde og tilsette» og fylkesvis samling for å førebu årsmøtet i NLT.



Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Cafe Cornerstone på Leikanger 9. november 2016. Det var eit godt oppmøte, som gledde administrasjonen. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemmane i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.

Same dag vart lokale lønsforhandlingar gjennomført. Frå arbeidsgjevarsida møtte Sonja S. Esperø og frå dei tilsette Hans Petter Hånes. DL Knut Sigurd Gald møtte som sekretær/protokollfører.

Førjuls møte

Onsdag 16. november var kontortilsette og styret samla til styremøte på Huset Vårt, Hornindal. Administrasjonen hadde i tillegg møte med landbruksvikarane og avløyssarane. Mellom desse to møta vart det servert juletallerken.

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. Frå 1.1.2017 er Webtemp teke i bruk i samband med løns- og rekneskapsprogrammet. Webtemp er eit nettbasert system med levering og godkjenning av timelistene elektronisk og for det enkelte medlem er medlemsopplysningane tilgjengeleg. I tillegg vert lønsslipp og faktura sendt elektronisk frå januar 2017.

Heimesida

Heimesida vert levert av Netsense og vert administrert av DL.

Ulvedal 21. mars 2017


Norunn Britt Rygg Seljeset
- Styreleiar -

